



HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for mai 2011.

Årgang 46

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Vigdis Riise
Visepres: Magnar Hatløy
Sekretær: Odd Arne Holstad
Kasserar: Johs. J. Hareide
Past pres: Oddvar Haugen
Styremedlem: Anders Riise
Styremedlem: Jarle Kristiansen
Ansv.red.: Håvard Myrene
Referent: Øystein Alme

Fødselsdagar i mai:

Hallkjell Dahle	6. mai
Johan Ole Brandal	23. mai
Hans Otto Rise	27. mai

Frammøteprosent i mai: 62,4 %

Høisommer.

Nu bølger Engene mørkerøde,
silkeblanke og silkebløde
i Sommervind,
nu staar Jasminen saa blomsterhvid
og skjær, for nu er det Høisommertid,
Høisommertid i mit Sind.

Nu piber Svalen i lyse Kvelde,
mens Solen synker bag Hei og Fjelde
i guldrød Glans,
nu dufter Løvet i Skog og Krat
den varme Dag og den lyse Nat
- deilig er du, Sankte-Hans.

Møte i Hareid Rotary 2. mai 2011

President Vigdis opna med eit vakkert vârdikt av Åse Marie Nesje, og bar fram helsing frå Einar Arne Riise frå Solkysten.

Kveldens foredragshaldar var

Hans Gisle Holstad om Hafast:

Hafast AS vart danna for ca. 3 år sidan, og alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av Ørsta og delvis Volda har blitt samde om trasé. I styret i Hafast AS er det med både næringslivsfolk og politikarar, styreleiar p.t. er Gunvor Ulstein. Frå våren 2011 er Kjell Sandli tilsett i 50% stilling som dagleg leiar.

Siste 2 åra har det vore undersøkt kva som er beste ferjefrie traséen frå Skei i Sogn og Fjordane og nordover, og det er viktig at Hafast-alternativet blir valt som stamveg.

Fram til i dag har fjelltunnel vore beste alternativet, og Hafast-traséen blir vurdert som eit godt alternativ og fullt gjennomførbart. Rørtunnel har vore lite forska på, vanleg bru har vore vurdert og lagt bort som alternativ. Flytebru har hittil ikkje vore akseptabelt pga. passasjemulegheitene, men utviklinga innan offshore-miljøet har gjort at dette kan bli eit aktuelt alternativ. HGH viste ulike typer bruar med ulike løysingar.

Politisk er det ein allianse for Sykkylvsbrua og Hafast. Ein ventar no på Vegdirektoratet, og håpet er å få Hafast-traséen med på Norsk Transportplan for 2014-2022. Det har blitt fart i fjordkryssingarbeidet siste tida, og det er mange ulike innspel i media, men det er stor einigheit i det politiske miljøet.

Møte i Hareid Rotary 9. mai 2011

Denne dagen var det tillyst dugnad på Rotary-stien. Mykje folk møtte fram, også ikkje-rotarianarar, og det vart gjort eit flott ryddingsarbeid. Og etterpå var det kaffi og kake til alle som var med.

Møte i Hareid Rotary 16. mai 2011

Programfritt møte

Møte i Hareid Rotary 23. Mai 2011

Denne dagen kom Ole M. Ellefsen på vitjing og heldt foredrag om boka si

Farefull ferd på Sunnmørskysten..

Han starta med historia om gullfunnet på Runde i 1972, då svensken Stefan på 27-årsdagen sin oppdaga at det låg nokre merkelege steinar på botnen, noko som enda med at det vart tatt opp ca. 5.000 sølvmyntar og 6.800 gullmyntar. Ellefsen fortalde levande om "Acherendam", den nye juvelen til det hollandske ostindiakompaniet, som forliste natt til 8. mars 1725 på jomfruturen sin.

Neste historia var om Arisan, malmbåten som i januar 1992 stranda ved Runde. Alle vart berga, men det var stor fare for kraftig oljeforureining. Heldigvis klarte dei å pumpe ut det meste så forureiningskatastrofa vart avverga. Ei anna forunderleg historie var den om Elizabeth Mouat som skulle vere med ein frakteskip frå Shetland til Skottland, men der det rauk opp til storm og skipper og matrosane hamna i sjøen og ho vart åleine igjen i båten. Ho surra seg fast til roret, og båten dreiv med ver og vind til den 7 døgnet seinare hamna utfor Lepsøya der ho vart tatt hand om. Ho vart etterpå oppfatta som ein helgen, og fekk mykje omtale i pressa.

Ellefsen var også innom historia om "Svevaren", ein "stålkonstruksjon med gummiskjørt", og avkrefta historia om at det var Dagbart Hareide som førte båten då den kolva - "Dagen" var i staden "helt" i denne samanheng og gjorde at ingen kom til skade ved hendinga.

Vi fekk fortalt endå fleire historier av ein god historieforteljar - eit flott programinnslag!

Møte i Hareid Rotary 30. mai 2011

Dette møtet vart halde på Herøy Kystmuseum med Håvard Haraldsen Hatløy som guide.

Veret var fint men med isande kald vind, og vi gikk rundt på øya medan Hatløy fortalde historia om Herøya (som muséet ligg på). Første kyrkja på øya vart reist på 1100-talet og var hovudkyrkje i regionen. Seinare vart den riven og ny kyrkje vart bygd på 1700-talet med grunnmur av steinane frå den gamle. Han fortalde mellom anna om prestane, som ikkje ville bu øya, og kjøpmennene som i staden budde på det som skulle vere prestegard. Øya låg midt i leia og var ein viktig handelsstad.

Ein interessant historietime!